

INR (protrombintid) i plasma

PT-INR

Bakgrunn

Protrombintid-INR er ein koagulasjonstest som er følsam for dei vitamin K-avhengige koagulasjonsfaktorane II, VII og X. Testen er primært konstruert for å kontrollere antikoagulasjonsbehandling med vitamin K-antagonistar, og er derfor mest nøyaktig i det terapeutiske området.

INR- verdien uttrykker forholdet mellom koagulasjonstida i pasientprøven og normal koagulasjonstid. INR vil stige ved forlenga koagulasjonstid.

Indikasjonar

Kontroll av antikoagulasjonsbehandling med vitamin K-antagonistar (berre warfarin [Marevan] er brukt i Norge). Utgreiing av blødingstilstandar. Vurdering av leverfunksjon.

Referanseområde

INR < 1,1

Terapeutisk område

Venøs indikasjon INR 2,0 - 3,0

Arteriell indikasjon INR 2,5 - 3,5

Det terapeutiske området er veiledande. Enkelte spesielle indikasjonar har "smalare" område.

Verdiar over 4,5 vil bli forsøkt varsla pr. telefon.

Blir utført ved: Førde, Lærdal og Nordfjordeid

Prøvemateriale



Citratplasma eller citratblod. Fyll citratrøret til merka volum. Bland godt rett etter prøvetaking.

Prøven er haldbar i 3 døgn i romtemperatur.

Prøven må ikkje stå kjølig (Obs! transport om vinteren).

Tolkingar

Høge verdiar kan sjåast ved vitamin K-mangel, antikoagulasjonsbehandling med vitamin K-antagonistar, inntak av stoff med vitamin K-antagonisteffekt, levercelleskade, intravaskulær koagulasjon og hereditær mangel av faktor II, VII eller X.

Feilkjelde: Feil ved behandling av prøven. Kjøling under prøvetransporten (prøver sendt om vinteren). Røret må vere minst 3/4 fullt.

Biologisk variasjon: Intraindividuell biologisk variasjon: 4% (normalområdet) og 10% (terapeutisk område, stabil warfarinbehandling).